

Nypresten gler seg

12.03.2014



Lina Håland under fastegudstenesta i Valenkyrkja ikveld

På seinsommaren vert Lina Håland (29 år og singel) ordinert til prest i Uskedalen og då uskedalen.no møtte ho ikkje i tvil:- Eg gler meg!

Rett nok har ho ikkje vore her så ofte, men nok til å kunne prisa dei fine fjella. Og så legg ho vekt på praksisperioden ho har hatt litt lenger vest og som ho karakteriserar som kjekk. Ho søkte berre på den eine stillinga og hadde ein konkurrent. Med omsyn til bustad vert det truleg Valen, nærmare bestemt huset der også forgjengaren Kristian Due budde.



[Gler seg til prestegjerninga!](#)

Nypristen er frå Julebygda i Sandnes og har bakgrunn både frå
ein frimenighet og pinsevennene,

Når ho no vert prest i den norske statskyrkja er det difor som resultat av ein lang personleg prosess prega av mykje tvil. Men etterkvart vart det mange som meinte at ho burde satsa på å verta prest og no er ho tilfreds med valet.

- Eg har tenkt mykje, men no har eg landa, sa Lina etterat ho hadde delteke i fastegudstenesten i Valenkyrkja i kveld. Fredag kjem ho til Uskedalen og då står meir mediavirak på programmet.

Det er ei bereist og internasjonalt orientert kvinne som no vert uskedalsprest. Det går fram av diverse bloggar at ho var i USA allereie som 13-åring og var eitt år på bibelskule i Danmark då ho var 15. Etterkvart har ho sikra seg to bachelordiplomar. Vidare har ho vore backpackar i Asia og Australia, og studert nokre veker i Thailand og nokre månader i India der ho forresten har vore 4 gongar.

For 5 år sidan skreiv ho i bloggen sin at ho hadde hatt eit meiningsfylt og spennande liv og det er nok enda meir sant i dag.

Mykje tyder på at nypresten i Uskedalen også kjem til å glede oss med vakker song. I bloggen finn vi til dømes stoff om eit gospelkor som heiter Abraham.....

Tekst, foto og NETT: Ola Matti Mathisen